

INFORMASJON

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 1 MARS 2021 79. ÅRGANG



God påske



DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 15
Prost: Knut Magne Nesse
Prostiprest: Runar Matsui-Li
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen
Ungdomsprest: Carsten Langeland
Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad
Diakon/frivilligkoordinator:

Inger Cesilie Fitje (permisjon)
Kyrkjeseekretær: Kari Skullerud Holsen og
Toril Øye (Førde og Jølster)
Kyrkjevevjerje: Inger Hageberg Øvrebø
Ass. Kyrkjevevjerje/dagleg leiar:
Trond Herløvsund
Kantor: Gro Gunnarson og
Asbjørn Flåm
Kateket: Heidi V. Styve
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og
Gry Sætre

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.
Sokneprest: Rigmor Frøyen
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland
Kantor: Erlend Os
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:
Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen
Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:
Leonard Subrescu

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjeteinar: Leonard
Subrescu (Førde og Naustdal) og Mette-
Elin Standal Sæther

– Kyrkjevevjerja –

Nytt frå redaksjonen

Eit år har gått sidan koronaviruset tok styringa. Det har vore att og fram med nedstenging og opning. I kyrkja har det sidan nyttår vore tillate med maks. 10 personar på gudstenester. Det kjentes ikkje heilt logisk, men kanskje har vi fått nokre gode erfaringar? På etterjulsvinteren vart det invitert til utegudstenester i Førde, på Sanden i Naustdal, og i Vevring, og folk møtte opp tross kulda. Endeleg fekk folk sjå kvarandre. Desse møta var etterlengta, og fleire er omtala i bladet.

Arbeidet i kyrkja blir mindre synleg når mykje er stengt ned. Til tross for avlysingar har dei tilsette i kyrkjelydene våre hatt nok å gjere. Alt frå konfirmasjonsundervisning og påskevandring for barnehagar, til dåp og gravferder blir gjennomført i mindre grup-

per. Det krevjer meir planlegging og meir tid til gjennomføring.

I Førde skal det og gjerast større endringar for å gjere kyrkja tilgjengeleg for alle. Korleis kan du lese om i bladet.

Helg og Heim har mista noko av funksjonen som meldingsblad når endringar skjer så fort. Ikkje alle følgjer med på nettsider og facebook. Det kjem no gudstenesteliste i Firda før kvar helg, men den er kortfatta. Ta kontakt med kyrkjekontora eller nokon i kyrkjelyden om du lurar på kva som gjeld! Gudstenestelista er sett opp med tanke på at vi kan møtast, men endringar kjem fort. I fjor vart det laga til påskevandring rundt kyrkjene våre. Kanskje får påskebodskapen ein ny mening når det vante er endra?

God påske!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Adresse:

Helg og Heim, Kyrkjevegen 23 F, 6809 Førde

Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger

Utgivingsplan for 2021

Nr. 2. Stoffrist:	Nr. 3. Stoffrist:	Nr. 4. 2020 Stoffrist:
Onsdag 21.04.	Onsdag 11.08.	Onsdag 28.10.
I posten veke 22	I posten veke 37	I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)

Hugs bladpengar!

Frivillig bladkontingent

kr. 290,-

Bankkonto:

3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Framsidedfoto: Blomsterkors ved Førde kyrkje påska 2020.
Foto: Hanne Schnitler.

ANDAKT

Ved INGVALD ANDERSEN FRØYEN, sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

«Eit vanskeleg liv krev eit vanskeleg svar»

Eg har nett lese den siste boka til teologen og skribenten Åste Dokka. Boka har den uvanlege tittelen: «Leve vanskeligere – en elendighetsteologi». Det har vore befriande å lese denne boka.

Den har utfordra meg til å tenke gjennom nokre grunnleggande sider ved mi eiga tru og mitt eige liv. Eg trur at det Åste Dokka snakkar om kan sette oss på sporet av kvi-for påska er så full av motsetningar. Påska er nemleg ikkje ein «quick fix», ei lettvent løysing, men kamp og liding fram mot siger.

Om vi tenkjer nærare etter så er den tida vi lever i, og liva våre, styrt av eit stadig jag etter det perfekte livet. Vi druknar i bøker og program som på fem til ti steg skal hjelpe oss til den evige lukka. Den slanke kroppen. Den sikre økonomien. Den vakraste kjærasten og mykje meir. Det er jakta på ei paradislukke. Og når vi lukkast og kosar oss som mest seier vi: «Dette er livet!». Og det er sant. Livet er kos og lukke. Livet er medgang og gode kjensler, - men det er

like sant at motgang og motbakkar og er ei del av livet.

Vi veit det alle saman. Draumane våre er perfekte, men livet er likevel vanskeleg. Sjølv om mykje går bra, så er det også mange grå dagar å kome seg gjennom. Dagar med smerte og nederlag.

Kristendommen er ikkje ei gåve som gir oss ei plutselig evne til å gjere alt rett. Som gjer at alle brikkene fell på plass. Den kristne trua seier tvert imot at livet er vanskeleg og at vi må erkjenne kvar for oss at vi sjølve aldri vil kunne kjempa oss fram til perfektjon og sann rettferd. Men den rettferda vi får kjem til oss frå Gud. Det nye livet, håpet og fridomen vert gitt oss som ei gåve.

Det som skjer i påska frå jubelen palmesøndag, til krossfestinga langfredag og sigersropa påskemorgon, det er den vanskelege løysinga på våre vanskelege liv. Det er ikkje ei lettvent løysing, men eit svar som tek på alvor at vi alle kjem til kort i møte med kravet om å vere fullkomne. Jesus går inn i vår liding og han sigrar for oss.



Når vi i kvar einaste gudsteneste har eit ledd som heiter «syndsvedkjenning», så er ikkje det eit uttrykk for at vi er så opptekne av å snakke om synd, men fordi vi veit at det er viktig å snakke sant om livet. Og det er frigjerande å få sette ord på det at vi kjem til kort og legge det frå seg. Det er helse i det å tale sant om livet. Det kan setje oss fri og gje oss nytt frimod til å leve.

Mi kristne tru gir meg ikkje lettvente svar og kjappe løysingar. Ofte skulle eg nok ynskje at det var enklare både å tru og å leve, - men så kjenner eg at eg har ein tru eg kan kvile i også når det går i motbakkar. Ei tru som snakkar sant om livet og som gir meg håp. Difor held eg framleis fast på den kristne trua, fordi eg kjenner at den møter meg der eg er og talar sant om livet. Då treng eg ikkje lettvente svar. Då held Jesus, i liv og i død!

Utbetringar i Førde kyrkje

Førde kyrkje treng betre tilrettelegging for å vere tenleg og tilgjengeleg for alle. No er planane klare for utbetringar inne og ute.

Tekst: BJØRN HARALD HAUGSVÆR, leiar i Førde sokneråd

Kyrkja i Førde vil no få toalett som er tilpassa rørslehemma, ny trapp til galleriet, eigen plass for rullestolar, rekkverk i koret og ny kaffikrok. Samstundes skal det lagast til parkering for rørslehemma oppe ved kyrkja. Samla kostnad er



Bjørn Harald Haugsvær

kring 1,8 mill. kroner, og er vedtatt i budsjettet til Sunnfjord kommune for 2021.

Nytt toalett

Førde kyrkje har toalett i kjellaren, og desse er ikkje tilgjengelege for rørslehemma. Det vert difor laga eit nytt toalett i trapperommet mot sør med inngang frå våpenhuset. Då mister vi eine trappa til galleriet, og det



Bakre del av kyrkja vil bli endra. Foto: Helge Naustdal.

vert difor bygd ei ny trapp som kjem ned langs sørveggen inne i kyrkja under galleriet. Det er brannkrava som gjer at vi må ha to utgangar frå galleriet, og saman med den gamle trappa mot nord er desse krava oppfylte. Denne løysinga er godkjent av riksantikvaren og biskopen. Dei gamle toalettet i kjellaren vil etter planen bli renovera om tre år.


Rullestolar og rekkverk

Det er ofte nokon med rullestol på gudstener i Førde. Dei må i dag sitje i midtgangen. Vi ynskjer no å laga plass for rullestolane mellom kyrkjebenkane. Dette vert gjort ved å korte inn to benkar på kvar side mot midtgangen. Då er det plass til to rullestolar utan at nokon må sitje i midtgangen.


Samstundes skal det lagast eit rekkverk som gjer det lettare å kome opp i koret framme i kyrkja. For dei som er ustø kan det vere utfordrande å gå trygt opp eller ned dei to trinna ved dåp, nattverd eller ofring. Riksantikvaren har vore opptatt av symmetri, og det vert difor rekkverk på begge side av koret. Dette vil også skjerme preikestolen slik at ingen støttar seg på den. Rullestolrampen vil vere i bruk slik som før.

Ny kaffikrok

For å gjere arbeidet med kyrkjekaffi meir praktisk vert det laga eit enkelt kjøkken på bakveggen i kyrkja, under galleriet mot nord. Her vert det skåp til koppar, kaffitruktar og oppvaskmaskin. Når kjøkkenet ikkje er i bruk vil det bli skjerma av foldedørar. Før korona var det vanleg å ha kyrkjekaffi under galleriet nesten kvar søndag, og vi håpar snart å kunne treffast slik etter gudstenerne.



Ny innvendig trapp med plass til t.d. stollager. Teikning: Arki arkitektur AS.



Teikninga viser handicaptaolett som kjem der trapp til galleriet er no, ny trapp, plassering av tekjøkken og utviding av midtgangen. Teikning: Arki arkitektar AS.

Parkering for rørslehemma

For å gjere kyrkje betre tilgjengeleg for dei som sit i rullestol, vert parkeringsplassen for rørslehemma flytta opp på same høgde som kyrkja. Planen er å nytte køyrevegen som går opp nord for kyrkja, og lage ny parkering ved kyrkjemuren aust for kyrkja. I dag må rullestolane trillast opp den bratte bakken frå Kyrkjevegen til kyrkja.

Fjerning av bøketrea

I 2020 vart halvparten av dei store bøketrea som står ved kyrkja fjerna. Planen er no å ta vekk resten. Dette er flotte blodbøkar, men dei hindrar innsyn til kyrkja og om sommaren kan det vere vanskeleg å sjå kyrkja. Dei som arbeider med vedlikehald av kyrkja og kyrkjegarden ser fram til at trea vert fjerna.

Det er mykje arbeid med å samle lauvet om hausten, og trea aukar trongen for vedlikehald med utvendig vasking og maling av kyrkja. Trea vert fjerna før lauvet sprett i mai. Planen er å plante buskar og tre som ikkje blir så høge.

Vil du gje ei gåve til ny golvløpar i Førde kyrkje?

Den grøne golvløparen som ligg i midtgangen i Førde kyrkje, var ei gåve frå Kyrkjeringen i Førde i 1995.

Kyrkjeringen var ei gruppe på 12 kvinner som bidro med praktiske oppgåver og samla

inn pengar til utstyr i kyrkja. I tillegg til golvløparen skaffa dei midlar til m.a. lysekruner, nattverdiskalkar, salmebøker og lydanlegg.

I samband med utbetringane i kyrkja ynskjer soknerådet å skifte den grøne hovedløparen som ligg i midtgangen. Løparen må stadig lappast, og den

er svært slitt etter 26 års bruk. Den nye løparen vil ha same farge og kvalitet som den gamle, og har ein pris på kr. 131 000 pluss moms.

Du kan gje di gåve til **konto 3705.15.33896** eller **VIPPS 657021 Førde sokn – innsamlingar. Merk innbetalinga «Løpar i kyrkja».**

Dersom du ynskjer gáva innmeldt til skatteetaten for å få frådrag, må du skrive melding om det i innbetalinga, som må då vere minimum kr. 500. Ved innbetaling via Vipps må gáva vere minst på kr. 510 for å få fråtrekk – dette pga Vipps-gebyr på 1,5% som blir trekt frå.

Førde sokn har fått dagleg leiar!

Det er ikkje uvanleg at større sokn har eigen dagleg leiar. Etter at Førde kyrkjelege fellesråd gjekk over til å bli Sunnfjord kyrkjelege fellesråd og dekker alle sokna i kommunen, var det behov for eigen leiar for Førde sokn. Dette er ein av fleire endringar i det nye året.



Trond Herløvsund er ny dagleg leiar i Førde sokn.

Tekst: INGER HAGEBERG ØVREBØ, kyrkjeverje

Trond Herløvsund har frå 1. januar 2021 fått utvida stillingen sin med 25% for å ivareta rollen som dagleg leiar i Førde sokn. Han har elles stilling som assisterande kyrkjeverje frå før. Oppgåver og ansvar lagt til dagleg leiar for soknet er i hovudsak:

- Sikre koordinering og god samhandling mellom ulike tilsette som arbeider inn mot Førde sokn.

- Vere kontaktperson for soknerådet og bindeledd mellom stab og sokneråd.
- Personaloppfølging for tilsette som i hovudsak har arbeidet sitt i og for Førde sokn.
- Økonomiansvar for soknet, inkludert rekneskap for Helg og heim og Kyrkjjetunet.

Det er og andre endringar i staben i Førde og Naustdal:

Som følge av at Førde sokn har overteke egedomen og drifta av Førde kyrkjjetun, har vi frå 1.1.2021 fått **Ann Berit Steiro** og **Olaug Åmot** inn som tilsette i fellesrådet. Kyrkjjetunet/Førde sokn har fortsatt ansvar for finansiering av stillingane deira. Vi håpar å få god effekt av overføringa ved at Ann Berit, som er dagleg leiar på Førde kyrkjjetun, også kan bidra i administrative oppgåver på kyrkjkontoret. Vi tenkjer felles sentralbord, heimeside etc. for både huset og soknet under eitt.

Kari Skullerud Holsen som er sekretær, har frå 1.1.21 redusert stilling frå 100 til 50%. Men ho beheld posisjonen i første linja, både på sentralbord og i ekspedisjonen på kyrkjkontoret tysdag, torsdag og annakvar fredag. Dei andre dagane er det Toril Øye som har ansvaret for telefon og skranke. Toril har no fått auka opp til 100% stilling, og ho har kontordagar på Jølster tysdag og torsdag.

Diakon **Inger Cesilie Fitje** har fått innvilga permisjon i heile 2021. Dette er i samband med at



Ann Berit Steiro, dagleg leiar på Førde kyrkjjetun.

ho har fått ny stilling hjå kommunen på Helsestasjonen. I ca 50% av stillingen har Inger Cesilie brukt tid som koordinator for HomeStart Familiekontakten. Dette arbeidet har ho med seg over til kommunen. Koronatida set kraftige begrensingar i mykje av det diakonale arbeidet. Inntil vidare vil vi difor ikkje søkje etter vikar for Inger Cesilie.

I Naustdal har **Jenny Ødven Snildal** fått auka stilling for å ta over oppgåva som sekretær for Naustdal sokneråd. Jenny skal også ha koordineringsansvar for arbeidet både for løna og uløna medarbeidarar i Naustdal sokn.

ARKI
ARKITEKTAR

Hafstadgården
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Nettside: arki.no

EXTRA

NAUSTDAL

Best

NAUSTDAL

Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Måndag11-17
Tys., ons., fre., laurdag ..11-15
Torsdag 11-18

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Kva kan hjelpe når du har mista nokon?

Førde kyrkje har saman med med Sunnfjord kommune og Helse Førde tilbod om sorggrupper for dei som har opplevd å miste ein nærstående.

Tekst: INGVAR VAGSTAD, diakoniarbeidar

Vi har snakka med ein tidlegare deltakar som her deler sine erfaringar med å vere med i sorggruppe, vedkomande ynskjer å vere anonym. Ho takka ja til å bli med i sorggruppe etter at ho miste mannen sin.

Korleis opplevde du tida etter dødsfallet?

– For det første syns eg det er godt den sjuke får sleppe når lidinga blir så stor og ein ikkje har meir kontakt. Så blir det ufatteleg tomt. Livet kjem i reprise med alt vi har hatt i lag i alle år. Alle gode minne er no veldig viktige.

Så kjem alle førebuingar til gravferd, det var slett ikkje lett i desse koronatider. Og så kjem alle papirer og alt anna som skal ryddast opp, det er veldig strevsomt.

Kva forventningar hadde du til å vere med i sorggruppe?

- Eg fekk tilbod om sorggruppe, men visste vel ikkje heilt kva eg gjekk til. Men eg håpa det ville vere med å løyse forskjellige problem som eg hadde.

Var det utfordrande for deg å snakke om de sorg til dei andre?

- Eg syns det gjekk bra å snakke om sorga. Vi hadde snakka mykje om alle ting før døden inntraff. Men mange forstår ikkje kor tøft det er å vere i sorg. Det blir mange spørsmål frå alle, og det kan bli nok. Av og til orka ein ikkje gå i butikken eller i besøk, kroppen seier stopp.

– Gruppa var vi veldig fornøgd med. Berre damer som hadde mist mennene sine. Yngre og eldre, vi passa så godt i saman.

Å dele med dei andre var i grunnen veldig lett. Vi var trygge på kvarandre og hadde alltid masse på hjartet. Veldig godt å dele med dei som forstår.



Diakoniarbeidar
Ingvar Vagstad.

Årsfersk brosjyre om sorggruppearbeidet er no tilgjengeleg.

Kva har vore særleg til hjelp for deg gjennom sorggruppa?

– Den største hjelpa i sorggruppa var nok å dele med likesinna. Og takk for fine leiarar som losa oss gjennom vanskelege tankar!

Korleis var det å høyre om andre si sorg og deira erfaringar?

– Eg trur eg hadde veldig godt av å høyre om andre sine erfaringar og sorg. Mykje er veldig likt. Så ein er ikkje åleine om å tenke som ein gjer. Ein bør vere obs på at andre kanskje har det verre enn seg sjølv. Ein kan kanskje bli for sjølvopptatt i ein slik situasjon.

SITAT FRÅ TIDLEGARE DELTAKAR:

«Eg trur eg først og fremst ynskje å gå ein plass der eg rett og slett kunne slappe av, og late tårene få komme utan å tenkje på at det var nokre andre der som eg måtte ta bensyn til.»

Kven er sorggrupper for trur du, og kva kan grunnen vere til at nokon vegrer seg til å melde seg på?

– Ei sorggruppa passar for alle som har misst nokon av sine næraste. Treng du nokon å snakke med i same situasjon er dette

plassen. Her får du god veiledning. Hugs at alt som du kjenner på er normalt.

Kva er di anbefaling til andre som opplever tap og sorg?

– Får du tilbod om sorggruppe, meld deg på! Ikkje vegre deg for påmelding. For meg har det vore veldig oppklarande. Gode rettleiarar. Får svar på alle spørsmål ein slit med. Ingen spørsmål er for små eller for store, her kan du kjenne deg trygg på alt du seier. Alt som plager deg er heilt normalt, det er veldig godt å høyre. Eg kom i ei fantastisk gruppe. Vi har hatt ei privat samling i etterkant og kjem til å halde kontakten framover, vi er blitt venner for livet!

Sorggruppe er samtalegruppe der ein kan møte andre som har mista nærstående. Det er ein stad for å dele tankar og erfaringar med andre, ein stad der sorg og sagn får plass, - men òg håp og livsmot.

Gruppene har samlingar vår og haust, og møtest ó gonger på kveldstid. Det er ope for deltakarar frå heile Sunnfjord. Her er det rom for dei som misser kjære i brå og uventa dødsfall, og dei som har levd saman lenge.

Har du spørsmål, ta kontakt med diakoniarbeidar Ingvar Vagstad, tlf. 911 38 732.

Tilbakeblikk

Tekst: JENNY Ø. SNILDAL og HANNE SCHNITLER

Det kan synast som at alt har vore avlyst, men her er nokre tilbakeblikk frå koronavinteren.

Jul i koronatid

Jula i 2020 vart annleis. Streng restriksjonar gjorde at prestar og kyrkjestabar ikkje kunne finne fram malen frå året før og planlegge ut frå den. Her måtte det tenkast nytt.

Julaftan søker mange til kyrkje. Korleis gje eit tilbod til flest mogleg når det berre er lov med 50 i kyrkja?

I kyrkja i Naustdal vart det tre gudstenester, og i Vevring var det ei på julaftan. Det var påmelding og frivillige måtte hyrast inn for å vaske benkeryggar

mellom gudstenestene. Smittevern vart teke på alvor.

Julekrybba var på plass, og juletre pynta med hjarte laga av elevar i 3. og 4. klasse. Hjar-te var og tema for Rigmor prest sine preiker denne dagen.

På julaftan var barnekoret med og gledde dei fram-møtte med fin song. På den siste gudstenesta var Maria, Josef, englar og gjetarar med og viste kva som skjedde for over 2000 år sidan, og Hilde Annine Hasselberg fylte kyrkja med si vakre stemme.



Naustdal barnekor gledde dei fram-møtte med fin song.

I gudstenesta i Vevring var ungdomar med og las ulike tekstar og det var song av Maria Alesandra Amoro Aarseth.

1. juledag var presten blitt sjuk og det var ikkje mogleg å få tak i vikar. Det vart gudsteneste

likevel, men med nokre mindre endringar. Kyrkjekoret i Naustdal hadde øvd inn fleire salmar og Hogne Kirkebø var solist. Det vart ei god og høgtidleg oppleving for dei fram-møtte.



Lysmesser som vart til fakkeltog

Lysmesse er ein fin tradisjon i adventstida. Ungdomar kledd i kvite kapper og med levande lys i hendene kjem gåande opp kyrkjegolvvet. Slik var det i Vevring kyrkje 2. søndag i advent. I undertak av 30 personar møtte fram til ei stemningsfull stund i kyrkja. Konfirmantane i Vevring deltok saman med andre ungdomar med lystenning og tekstlesing.

I Naustdal vart ulike løysingar diskutert - og forkasta. Med over 30 konfirmantar og grense på 50 til stades i kyrkja var det vanskeleg å tenke ei tradisjonell lysmesse. I staden vart konfirmanta-

ne med foreldre og søsken invitert til å delta i fakkeltog for å lyse opp i mørketida.

Fakkeltoget gjekk frå kyrkjelydshuset i Naustdal og opp til sjukeheimen. Konfirmantane var venta, mange eldre sat ved vindauga og følgde med. Sjukeheimen var pynta med eit stort lysande hjarte.

Rigmor prest hadde appell, og det vart sunge salmar før fakkeltoget returnerte til kyrkjelydshuset, der det vart servert bollar og gløgg som konfirmantforeldre som hadde teke ansvar for.

I Førde vart det gjort på tilsvarende måte, der konfirmantane gekk i fakkeltog til sjukeheimen.

*Gravminne
finn du hos oss*



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S
OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380



Fellesskap varmar på kalde dagar. Foto: Helge Naustdal



Gudsteneste ved Førde kyrkje 7. februar. Foto: Inger Helene Nordeide

Utegudstenester i Førde

Fleire søndagar i januar og februar har unge og gamle trossa vinterkulda og samla seg rundt kyrkjetrappa ved Førde kyrkje. På den kaldaste søndagen rakk nattverdvinen å fryse til is før

den skulle delast ut, sjølv om preika var kort og salmane få. Men fellesskap varmar.

Søndag 14. februar var både morsdag, Valentinsdag og Fastelavns søndag. Då laga Førde

kyrkje og Førde KFUK/KFUM til «Søndag for alle» ved Førde kyrkjjetun.

To bålpanner ga varme til pølsegrilling, og dei som ville blei med på potetløp, sekkeløp

og andre øvingar. Etter ei kort gudsteneste var det pynting av Førdes første fastelavnstre. Det blir kanskje ei ny tradisjon?



Fastelavnsfeiring med «Søndag for alle» Foto: Hanne Schnitler.



Alltid kjekt med sekkeløp! Foto: Hanne Schnitler.

Naustdal sokneråd har vedtatt ny gudstenesteordning

I november 2020 vedtok Naustdal sokneråd ny ordning for Hovedgudsteneste. Sjølve gangen i gudstenesta vert slik den har vore i fleire år, med nokre små justeringar. Den største endringa vert innføring av ny liturgisk musikk. Vi skal bruke tid på å verte kjend med melodiane, og øve inn ledd for ledd. Når det vert opna for å feire gudsteneste med fleire tilstades, vil vi ta ibruk dei nye melodiane.

*Rigmor Frøyen,
sokneprest i Naustdal*

RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
TRYKK



FARGERIKE

NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJUEDE

Førde Fargehandel %

TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

trendy

F R I S Ø R
DROP-IN
TIMEBESTILLING

ALTI Førde (Handelshuset)
Tlf. 57 82 00 65



Naustdal

Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no

Kva er ein kyrkjelyd?

Eitkvart sokneråd og alle som høyrer til i kyrkja vil før eller seinare stille seg dette spørsmålet. Kva er eigentleg ein kyrkjelyd og kva vil det seie å vere kyrkje lokalt her vi bur?

Tekst: INGVALD ANDERSEN FRØYEN,
sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

Det er fort at tankane kjem inn på kyrkjebygga og kanskje også på dei kyrkjeleg tilsette, men kyrkjelyden er altså alle dei menneska som høyrer til. Og einaste måten å bli medlem på i kyrkja det er gjennom dåpen.

Ikkje eit meningsfellesskap, men ein familie

Det at dåpen er vegen inn i kyrkja fortel oss noko viktig. Kyrkja er verken ein klubb eller ei foreining av likesinna. Den er ikkje eit meningsfellesskap der vi kjem saman fordi vi er einige i alt, tvert imot. Bibelen sjølv seier at kyrkja er som ein familie, og som vi alle veit vel vi ikkje sysken, vi får dei. Sysken kan vere ganske ulike og ikkje alltid vere på talefot, men det er noko som likevel held dei saman, og det er at dei har same opphav og høyrer saman på tross av ulikskapen.

Bibelen omtaler Gud som Far, Jesus som vår bror og alle dei andre kristne som våre sysken. Vi høyrer saman, og det som bind oss saman er Gud. Det er difor ikkje uviktig at også vi fyrst og fremst ser på kyrkjelyden vår som ein fami-



Vinterkledd sokneprest ynskjer velkommen til gudsteneste på kyrkje-trappa. Fotograf: Inger Helene Nordeide

lie og ikkje som ei verksemd. Vi høyrer til i kyrkja vår og vi høyrer saman som truande og tvilande. Om vi ser på kyrkja som ei verksemd, vert det fort snakk om tenesteytarar og mottakarar. Då vert det gjerne slik at vi ser på kyrkja meir som ein stad der eg skal få noko, enn ein stad der eg høyrer til og både får, deltek og gir av meg sjølv inn i fellesskapet.

Det er viktig at kvar og ein av oss kan finne vår plass i kyrkja og kjenne at vi er rekna med og høyrer til. Og så må vi møte kvarandre, ikkje som meningsmotstandarar men som sysken.

Lokalkyrkja vår er som ei lakseelv som har lagt der i uminnelege tider

Landskapet rundt elva har endra seg, tidene har endra seg, men elva ligg der framleis og strekk seg frå den store elva ved fjorden til den vesle kulpen der laksen gyt og yngelen lever sine fyrste dagar. Laksen høyrer til i elva, men elva eig han ikkje. Laksen vandrar fritt ut i verda, men og tilbake til heimen sin. Elva lev. I periodar full av både laks og annan fisk, og i nokre år noko mindre liv på grunn av sjukdom eller fordi elvevatnet har vore for

varmt eller for kaldt. Men elva ligg der og den frie laksen kjem attende, sjølv om nokon seier at elva er død.

Lenger ute i fjorden har det kome opp merdar i store oppdrettsanlegg. Der sym laksen tett og alle i same størrelse. Denne laksen veks fort og vert mange, men frie er dei ikkje der dei sym rundt og rundt i same nota heile livet. Ei homogen massiv masse av laks som veks i takt.

Kyrkjelyden vår er som ei levande lakseelv. Mangfaldig med laks og annan fisk i alle aldrar. Sårbar, fordi elva lever og renn fritt og alle fiskane i elva vandrar fritt opp og ned. Somme tider skulle vi ynskje at stimen stod tett og vi kjente at vi var mange og einsarta, men vi vil ikkje inn i merda. Vi startar alle truslivet vårt i den vesle kulpen med levande vatn (døypefonten). Nokon av oss vert verande i nærleiken lenge medan andre fer ut. Elva gir oss eit rom å vekse opp i og ein stad å høyre til. Ein stad å finne næring og ein stad å vende tilbake til, om att og om att, for den flyttar seg ikkje. Den berre ligg der og ventar på oss, og når vi kjem ligg ho open og tek imot oss uansett kor lenge vi har vore borte eller kor langt vi har reist. Velkomen heim, kviskrar ho kvar gong nokon på nytt finn vegen opp elveosen.

Kva er ein kyrkjelyd?

Her i Sunnfjord er kvar lokalkyrkje som ei lita lakseelv, eller ein familie. Du høyrer til ein stad. Du har din kulp, din døypefont, - og om du ikkje har det, så er det likevel ope for deg, for det er ikkje ei lukka merd.

Superfin leirdag med Taco og Ti bod

I staden for leirhelg på Alværa, laga vi til leirdag i Naustdal 6. og 7 februar. Leirdag med variert innhald.

Tekst og foto: RIGMOR FRØYEN

Vi starta dagen med Tematimar om «Dei ti boda» og «Kven er eg?» Etter ei god arbeidsøkt, var det tid for praktisk arbeid.

Kva skal vi ete? Det er ofte det første konfirmantane spør om når vi har samling. Taco på ein laurdag? Taco smakar godt, anten det er fredag, laurdag, eller søndag. Maten lagar seg ikkje sjølv. Med god felles innsats og gruppearbeid, vart det dekkja fint langbord, pynta med blomar og serviettar, og teikna/skrive bordkort. Ei gruppe fiksa Tacomidag, med god hjelp frå to foreldre. Det var ganske stille ved starten av måltidet. Eit teikn på at maten smakte og at alle var svoltne!

Kva finst av kunst, gjenstandar og symbol i kyrkjerommet? Vi sende konfirmantane ut på leiting, for å utforske kyrkja. Fleire fann ut at det store biletet framme vert kalla altertavle. Kvifor er Jesus på krusifikset så bleik? Det er noko av det vi undra oss over. Krossen er det mest sentrale symbolet for kristen tru. Dagens kunstnarlege aktivitet var fargelegging av ein kross, som kvar konfirmant kunne ta med heim.

Dagen vart avslutta med Kristuskrans-bøner, og felles song i kyrkja: Han skapte skogen og han skapte vannet, han skapte skyers lek og vindens spill. Han legger varsomt hånden på din panne, og sier det er godt at du er till! Norsk salmebok nr. 648.



Blide jenter på biletet: Kaja Fagerheim Naustdalslid, Anne Lovise Hukset og Maja Sætre-Hestenes med krossar dei har fargelagt.

– Kva tenker desse jentene om leirdagen?

Maja: Det var heilt greit og gøy når vi gjorde ting i kyrkja.

Anne Lovise: Eg synst leirdagen var ein superfin dag. Det var veldig kjekt når vi gjorde ting ilag, og når alle song ilag.

Kaja: Leirdagen var ei kjekk oppleving som eg vil hugse lenge. Det var kjekt å vere lenge ilag med vener og med dykk (takk!) Det var koselig å ikkje berre ha undervisning, men få vere med å dekke på borda og lage mat. Det var veldig kjekt når vi song ilag alle saman, og fekk gå rundt i kyrkja og sjå oss rundt og løyse oppgåver.

Vi som er konfirmant-ansvarlege synst også det var superkjekt å vere ilag med konfirmantane på leirdag.

Konfirmasjonane blir utsett

Det no avgjort at konfirmasjonane som brukar å vere i mai, blir utsett til hausten. I Naustdal er datoane 4. og 5. september, og i Vevring 28. august.


I Førde er datoar ikkje avklart når bladet går i trykken.

Sykkeldugnad

Torsdag 15. april frå kl. 17.30 har vi dugnad med vårpuss av sykklar utafor Førde kyrkjetun.



Sykkeldugnad er kjekt!



Trusopplæring

Vi planlegg forskjellige aktivitetar for barn og unge framover våren og sommaren. Om ikkje nye korona-restriksjonar legg hindringar i vegen for oss, er dette noko av det vi vil få til:

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Naustdal sokn:

Spiren

– Babysong på

Naustdal kyrkjelydsbus:

Eit tilbod for born i alderen 0-1 år saman med foreldre.

Datoar er ikkje bestemt, men truleg startar vi opp før påske. Følg med på heimeside og Facebook.



Palmesøndag kl.11.00:

Syng med gudsteneste for små og store.

Tårnagent:

17. og 18. april får dei som er født i 2012 lov å utforske kyrkja. Kva gøymer seg under kyrkjegolv, og kva skjuler seg i tårnet? Invitasjon kjem i posten.

Bibelutdeling:

Utdeling av Bibel til dei som er født i 2010. Dato ikkje bestemt. Invitasjon kjem i posten.

Trusopplæringsdag

Vevring 2. pinsedag. Invitasjon kjem i posten.

1-2-3 dagar

Kreative dagar for 8 og 9 åringar, siste veka før skulestart. Invitasjon kjem i posten.

Trusopplæring i Førde sokn:

Spiren

Kvar torsdag kl. 11.15 på Førde Kyrkjetun. Babysong for barn frå 0 til 1 år.

Etter nedstenging er Spiren no i gang igjen, og vil halde fram t.o.m. 6. mai. Om det blir restriksjonar for kor mange vi kan vere, har vi to samlingar; kl 11.00 i 2.etg og kl. 11.30 i 1.etg.

Solvang søndagsskule:

– held til i gymsalen på Sunnfjord Folkehøgskule. Oppmøte frå kl. 11.00. Vi startar med kaffi og leik, før samlingsstund og formidling. Vi planlegg søndagsskule desse datoane:

- 11. april
- 25. april
- 6. juni – hageselskap hos Hanne og Josten Bildøy.

Tårnagentsamling



10.-11. april
i Førde kyrkje

For dei som fyller 8 år i 2021.
Invitasjon kjem i posten.

Agent for skaparverket 30. mai

For dei som fyller 9 år i 2021.

Det er ikkje avklart korleis desse to samlingane skal gjennomførast. Informasjon kjem med invitasjon i posten.

«Ope hus» 10 – 13 ÅR

26. mars på Førde kyrkjetun: Ope hus er ei uformell samling ein fredagskveld i månaden, frå kl. 18.00 til kl. 20.00, for alle barn mellom 10-13 år.

Søndag for alle

Søndag 18. april kl. 16.00

Velkommen til måltidsfellesskap og gudstenestefeiring! Middag på Førde kyrkjetun kl. 16.00 og gudsteneste for små og store kl. 17.30. Er det framleis restriksjonar, er vi ute.

Korskulen i Førde kyrkje

Korskulen har fire kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tirsdag:

- Knøttekor (ca. 3,5 år til ca. 5 år)
kl. 17.00 – 17.40
- Aspirantkor (ca. 5.5 år – 2. klasse)
kl. 17.50 – 18.40
- Jentekor (3. klasse og oppover)
kl. 18.50 – 19.50
- Ungdomskor (frå 7. klasse og oppover)
kl. 20.00 – 21.00

Deciding

– Førde sitt tensingkor. Vi møtes i ungdomslokalet på Førde Kyrkjetun kvar tysdag kl. 19.00.

Kom å bli med!



Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp FORANDRE – FOR ANDRE

Innsamlinga i år vert digital. Konfirman-tane kjem ikkje på dørene med bøsser.

Følg med på Førde kyrkje si facebookside og sunnfjordkyrkja.no.

Les og om aksjonen på
www.fasteaksjonen.no



MALER RUNE SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!
fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



BELLIS BLOMSTER

Tlf. 57 82 07 22 | www.bellisblomst.no
ALTI, Førde

Blir det heimepåske?

Då kan det vere kjekt med enkle aktivitetar som heile familien kan vere med på.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER



Ole Rasmus Fatland likar å lage påskelandskap.

Lag eit påskelandskap

Mange har gode tradisjonar knytt til påska. Men forteljinga om krossfesting, død og oppstode kan kjennes dramatisk å formidle til barn.

Å lage eit påskelandskap saman med borna er ein fin måte å synleggjere innhaldet i påskedagane. Bruk det de har i hus og hage: To pinner blir ein kross, nokre greiner av ei potteplante

eller litt mose blir Getsemanehagen, steinar blir grava, og ein engel frå julepynten kan få vere med. Legofigurar fungerer fint. Ein kan sette til figurar og flytte på ting gjennom påska for å få fram dei ulike hendigane. No kan born og vaksne undre seg saman og få fine samtalar i lag.



Kven skal rulle vekk steinen foran grava?

Farge egg

Egget


er symbol på oppstode og nytt liv, og er eit viktig påskesymbol. Dei fleste har malt på egg og hengt dei opp på ei grein. Men har du prøvd å farge egg med ting du finn i kjøkkenskåpet? Du kan bruke skalet av lauk, kaffe, te og ulike krydder for å få ulike fargar. Skal av gul lauk gir gul/orange farge, raud lauk gir raudbrun farge. Rødbeter gir jordfarge, medan raudkål gir ulike blåfargar, alt etter kor lenge du har egget i vatnet. Prøv òg med svart eller grøn te, gurkemeie eller spinat. Kok opp vatn og ha i det du vil bruke til å farge med. La det koke til farge er trukket ut. Du kan sile vatnet før du kokar egga. Om du vil ha sterkare farge, kan du la egga ligge ei stund i vatnet. Du kan og blåse ut innhaldet og koke eggeskalet i fargebad.

Så ertespirer

Det er kjekt med noko som spirar i glaskarmen når det går mot vår.

Vanlege tørre ertre gror fort, og ertespirene smakar nydeleg på skiva eller i salaten.

Ha litt jord i eit beger, dryss over ertene og trykk dei godt mot jorda, vatne og følg med kva som skjer! Når du knip av spirene kjem det stadig nye



Ertespirer og egg farga med lauk og kaffe.



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 40 84 54 36.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com

AKTUELT I KYRKJELYDANE

Opa kyrkje

Velkommen til opa kyrkje i Førde!

Kvar onsdag er det rom for lystenning, stille og bøn frå kl. 10.00 – kl.13.00.

Kyrkja i byen

Omlag kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

10-kaffi

10-kaffien på Førde kyrkjetun har vore stengt i vinter, men vi håpar å opne att! Tilbodet er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje.

Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!

Konfirmasjonar 2022

Konfirmasjonsdatoar for neste år er no klart:

Vevring kyrkje	8. mai	
Førde kyrkje	8. mai kl. 10.00	9A Fusk
	8. mai kl. 12.00	9B Fusk
Førde kyrkje	14. mai kl. 10.00	9C Fusk
	14. mai kl. 12.00	9D Fusk
Holsen kyrkje	15. mai kl. 11.00	
Naustdal kyrkje	15. mai	
Førde kyrkje	22. mai kl. 10.00	9A Husk
	22. mai kl. 12.00	9B Husk
Førde kyrkje	26. mai kl. 10.00	9C Husk
	26. mai kl. 12.00	9D Husk
Haukedalen kyrkje	29. mai kl. 11.00	

GUDSTENESTER

Her er liste over planlagte gudstener. Det kan bli endringar!

Det kan bli samlingar utandørs dersom ein ikkje kan ha gudstener inne. I begge tilfelle skal skal alle registrere seg. Møt difor opp i god tid, hald avstand og vis omsyn.

Følg med i Firda og www.sunnfjordkyrkja.no, eller kontakt kyrkjekontoret.

PALMESØNDAG 28. MARS

Naustdal kyrkje	kl. 11.00	Familiegudstene
Førde kyrkje	kl. 11.00	Familiegudstene

SKJÆRTORS DAG 1. APRIL

Førde kyrkje	kl. 19.00	Gudstene
Naustdal kyrkje	kl. 19.00	Gudstene
Holsen kyrkje	kl. 11.00	Gudstene

LANGFREDAG 2. APRIL

Førde kyrkje	kl. 19.00	Pasjonsgudstene
Vevring kyrkje	kl. 11.00	Pasjonsgudstene
Haukedalen kyrkje	kl. 11.00	Pasjonsgudstene

PÅSKEDAG 4. APRIL

Førde kyrkje	kl. 11.00	Høgtidsgudstene
Naustdal kyrkje	kl. 11.00	Høgtidsgudstene
Vevring kyrkje	kl. 15.00	Høgtidsgudstene
Holsen kyrkje	kl. 11.00	Høgtidsgudstene
Haukedalen kyrkje	kl. 19.00	Høgtidsgudstene

SØNDAG 11. APRIL

Førde kyrkje	kl. 11.00	Familiegudstene
		med Tårnagentar
Førde kyrkje	kl. 13.00	Dåpsgudstene

TORS DAG 15. APRIL

Førde kyrkje	kl. 19.00	Kvardagsmesse
--------------	-----------	---------------

SØNDAG 18. APRIL

Førde kyrkje	kl. 11.00	Gudstene
Førde kyrkje	kl. 17.30	Familiegudstene
		«Søndag for alle»
Naustdal kyrkje	kl. 11.00	Gudstene
Holsen kyrkje	kl. 11.00	Gudstene

SØNDAG 25. APRIL

Førde kyrkje	kl. 11.00	Gudstene
--------------	-----------	----------

SØNDAG 2. MAI

Førde kyrkje	kl. 11.00	Gudstene
Vevring kyrkje	kl. 11.00	Gudstene
Haukedalen kyrkje	kl. 11.00	Gudstene

SØNDAG 9. MAI

Førde kyrkje	kl. 11.00	Gudstene
Naustdal kyrkje	kl. 11.00	Gudstene
Holsen kyrkje	kl. 11.00	Gudstene

KYRKJESKYSS TIL FØRDE KYRKJE

Treng du skyss for å komme deg til kyrkje?

Palmesøndag	kl. 11.00	Ingvild og Harald Eikenes	Tlf. 993 65 322 / 913 88 644
Skjærtorsdag	kl. 19.00	Elin og Gunnar Flatland	Tlf. 908 50 245 / 913 01 371
Langfredag	kl. 19.00	Per Ingolf Nygård	Tlf. 918 19 561
1. påskedag	kl. 11.00	Gunnar Johannessen	Tlf. 917 27 191
18. mars	kl. 11.00	Ingvild og Harald Eikenes	Tlf. 993 65 322 / 913 88 644
25. mars	kl. 11.00	Elin og Gunnar Flatland	Tlf. 908 50 245 / 913 01 371
2. mai	kl. 11.00	Per Ingolf Nygård	Tlf. 918 19 561
9. mai	kl. 11.00	Gunnar Johannessen	Tlf. 917 27 191
13. mai	kl. 11.00	Ingvild og Harald Eikenes	Tlf. 993 65 322 / 913 88 644
17. mai	kl. 09.45	Elin og Gunnar Flatland	Tlf. 908 50 245 / 913 01 371
Pinsedag	kl. 11.00	Per Ingolf Nygård	Tlf. 918 19 561

Astrid Blomster
Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no

Reiakvam
- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no

Gode tilbud på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!
Boligkompaniet
www.brufli.no tlf. 90 61 96 54

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR
Erdal Sport
INTERSPORT
Førde

TORS DAG 13. MAI**KRISTI HIMMELFARTSDAG**

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 16. MAI**MÅNDAG 17. MAI**

Førde kyrkje kl. 09.45 Festgudsteneste

Naustdal kyrkje kl. 10.30 Festgudsteneste

Vevring kyrkje kl. 12.30 Festgudsteneste

Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Festgudsteneste

Holsen kyrkje kl. 12.15 Festgudsteneste

1. PINSEDAG 23. MAI

Førde kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

Holsen kyrkje kl. 19.00 Høgtidsgudsteneste

2. PINSEDAG 24. MAI

Vevring kyrkje Familiegudsteneste

Klokkeslett blir bestemt seinare.

TORS DAG 27. MAI

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 30. MAI

Førde kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste

Agent for skaparverket

Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste

SØNDAG 6. JUNI

Førde kyrkje kl. 12.00 Bygudsteneste

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Friluftsgudsteneste

DØYPTE**DØYPTE I FØRDE KYRKJE:**

01.11 Julia Vindheim Aase

Olav Halbrendt

Martin Ness

Martin Indrebø Øyri

08.11 Johanne Rysjedal Ehamparan

Selma Sandvoll

21.11 Otilia Kleiven Drageset

Nolan Ulltang Gjöringbø

Kornelius Magnar Grytten Hammar

Ronja Solvik Heggvoll

29.11 Aleksander Gudvangen Skeie

06.12 Vårin Walle Kirketeig

Madelen Sylte Kjelsnes

13.12 Alfred Berger-Nilsen Øksenberg

27.12 Nikolai Årskaug Yndestad

31.01 Aria Ripe

Leonora Stølsvik

Agnes Lien Sæthre

HOLSEN KYRKJE

08.11 Isak Seime Olsen

NAUSTDAL KYRKJE

01.11 Jesper Støfring-Haarr

15.11 Sander Vassbotten Vonen

Magnus Holme

Sivert Skaar-Fimland

03.01 Mila Birkeland Apneseth

Maria Larsen-Holme

Noah Aase Kvamme

**GRAVFERD****GRAVFERD FØRDE KYRKJE**

03.11 Viola Lundh f. 1937

04.12 Rolf Nore f. 1931

10.12 Magnar Breidablikk f. 1930

15.12 Borgny Ulltang f. 1925

18.12 Knut Øvrebotten f. 1959

22.12 Elisabeth Anna Muri f. 1924

Maria Lovise Angedal f. 1916

29.12 Aase Myklebust f. 1948

05.01 Gerdfinn Eithun f. 1940

Jenny Oline Aasen f. 1934

07.01 Haldis Liv Storevik f. 1931

22.01 Norvald Nikolai Årdal f. 1935

28.01 Arnt Hjalmar Bruland f. 1953

GRAVFERD NAUSTDAL KYRKJE

06.11 Anny Veien f. 1924

18.12 Aslaug Fimland f. 1923

07.01 Eldbjørg Espe f. 1935

15.01 Knut Thorleif Personbråten f. 1946

GRAVFERD VEVRING KYRKJE

20.11 Jorunn Sofie Aarseth

Frivillig i kyrkja?

Det er stadig behov for fleire frivillige i kyrkjalydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskysen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

Kontakt kyrkjekontora!

**Din nye bustad finn du hos oss!**

Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!

Du finn oss på Halbrenndsøyra i Førde.

www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00




Gravdalgruppa

Førde - Bergen

HELLENES
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL





Returadresse

Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

Vintergudstenester på Såmanssøndag

Det var ikkje ein typisk dag for å tenkje på såing og våronn, denne flotte vinterdagen i slutten av januar. Men vi veit at under snødekket er det spirar som ligg i dvale og ventar på sol og varme.

Tekst: JENNY Ø. SNILDAL og RIGMOR FRØYEN

Siste søndagen i januar vart gudstenestene både i Naustdal og Vevring flytta ut. I Naustdal samla kyrkjelyden seg på Sanden, den fine badestranda i Naustdal.

Søndagsmorgon starta med snøbyer og det var stor spenning til korleis veret kom til å bli. Det vart bra. Snøbyene letta, sola kleiv over fjellet og jammen gav den frå seg litt varme til dei rundt 70 som deltok på gudstenesta.

Gudstenesta var av det korte slaget, med Rigmor prest som snakka om såkornet som snart kjem til å spire. Kantor Erlend spelte trekkspel til salmane og avslut-



Gudsteneste på Sanden i Naustdal. Fotograf: Rigmor Frøyen

ta gudstenesta med songen: Down to the river to pray.

I tillegg til at sola varma, var det heile fire bålpanner det gjekk an å varme seg ved. Fleire av konfirmantane (og foreldre)

hadde med og tok ansvar for bålpannene. Etter gudstenesta var det mange som stansa og slo av ein prat. Nokre hadde med varm drikke som dei delte med dei som ville ha.

På ski til kyrkje i Vevring

Kulden skremde ikkje folket i Vevring heller. Bålpanna var tent og kyrkjetenar Mette Elin hadde sørga for vintergrøn dekorasjon. Jostein Standal hadde pløgd veg, det var fint for alle dei 25 som tok turen opp til bålhytta, eit stykke oppom kyrkja. Godt kledde, og med litt varme frå sola, gjekk det bra både med kyrkjelyd og prest. Erlend stilte med trekkspel, så det vart akkompagnement til salmesongen. Etter ei kort preike, og ein flott song som «finale» ved Erlend, rakk vi litt kaffikos og prat på snøbakken etterpå. Fleire sa det var ei oppleving å vere på vinter-friluftsgudsteneste.



Gudsteneste i Vevring.
Fotograf: Rigmor Frøyen.

Det er ikkje så ofte at ein kan gå på ski til kyrkje, så Jostein Standal nytta høvet denne søn-

dagen. Ifølgje han var det nokre år sidan sist at skia var i bruk. Litt spesielt å feire såmannssøn-

dagen ute, slik vi gjorde 31. januar, både Naustdal og Vevring.